



Jan Egil Nesse  
Seimsleitet 129  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13794 - 20/70759

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
06.11.2020

## **Avtale om fristutsetjing - gbnr 172/125 Hopland**

Viser til vårt brev av 16.09.2020 der vi opplyser om at vi har motteke melding frå Norva24 AS om at det ved siste tømning vart registrert avvik i septiktanken.

Alver kommune har den 02.11.2020 motteke e-post frå Jan Egil Nesse med tilbakemelding på dette brevet.

Du nemner i tilbakemeldinga di at du saknar eit brev frå dåverande Lindås kommune etter tømning i 2018. Årsaka til det er at det var ikkje same fokus på forureining frå avløpssystem frå kommunane i 2018. Det var svært sjeldan at kommunane sende ut brev til eigarane av tankane som blei tømt og som dei fekk rapport om at var funne med avvik.

Underteikna har vore i kontakt med Johnny Birkeland hos Norva24 AS i dag og lagt fram tilbakemeldinga frå deg til han. Han foreslår at du tar kontakt med dei og bestiller ei ekstra-tømning av 3. kammer når lokket er blitt gravd fram og 3. kammer i tanken er klargjort for tømning. Dette bør gjerast innan kort tid.

I følgje J. Birkeland kan det at 3. kammer ikkje har vore tømt i 2018, aleine vere årsaka til at det vart registrert høgt nivå ved tømning i 2020. Han meiner at når dette blir gjort, kan det vise seg at septikanken dykkar er i orden. Dette vil vi ikkje kunne vite før 3. kammer er tømt og kontrollert.

Du ber om lenger frist til å utbetre tanken. Vi stadfestar at du får utsett frist til **31.05.2021** dersom utbetring vert naudsynt.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Jan Egil Nesse  
Vigdis Kolås

Seimsleitet 129  
Seimsleitet 129

5912 SEIM  
5912 SEIM